Apatosaurus

Apatosaurus eller **brontosaurus** var ein stor sauropod som levde i juratida for 140 millionar år sidan. Med ei gjennomsnittslengd på 23 meter og ein kroppsmasse på minst like mange tonn var han mellom dei største dyra som har levd på jorda.

Levesett

Ein trudde lenge Apatosaurus vog for mykje til at han ville kunne bera kroppsvekta si på land, og at han difor levde amfibisk i sumpar og sjøar. Dette vert ikkje støtta av nyare funn. Som sin nære slektning Diplodocus var Apatosaurus eit beitande dyr med særs lang hals og ein tung hale som motvekt. Fossile fotspor tyder på at dei levde i flokk.

Som moderne fugl svelgde Apatosaurus små stein (*gastrolittar*) for å mala opp dei sterke plantefibrane han åt.

Artar

- *A. ajax* (type)
- *A. excelsus* (Marsh, 1879c) Riggs, 1903
- *A. louisae* Holland, 1915
- *A. parvus* (Peterson & Gilmore, 1902)

Apatosaurus

Status i verda: EX Utrydda

Systematikk

Klasse:	*Reptilia*
Orden:	*Saurischia*
Underorden:	*Sauropoda*
Familie:	*Diplodocidae*
Slekt:	*Apatosaurus*

Vitskapleg namn

Apatosaurus
Marsh, 1877

Henta frå «https://nn.wikipedia.org/w/index.php?title=Apatosaurus&oldid=3062595»

Denne sida vart sist endra den 22. juli 2018 kl. 23:52.

All tekst er tilgjengeleg under Creative Commons-lisensen Namngjeving/Del på same vilkåra. Sjå Vilkår for detaljar.